



Kommuneposten

Informasjonsavis for Hemsedal kommune

Mai 2009



Konsert med musikalsk reisegods frå Hallingdal

HEMSEDAL FOLKEBIBLIOTEK
MÅNDAG 18. MAI KL 19.30

Kr. 100



Arr: Hemsedal kommune og Hemsedal Mållag

Godsruta

Konsert med musikalsk reisegods frå Hallingdal.

Hemsedal folkebibliotek
måndag 18.mai kl. 19.30.

Grappa Godsruta oppsto våren 2008 då Arne Anderdal tok ein utøvande bachelor-eksamen ved Ole Bull Akademiet.

Basisen i konserten er musikk frå Hallingdal og med nokre låtta etter Trond Vøllø som var spelemann på trekkspel. Han køyrde godsruta mellom Hemsedal og Gol og derav namnet på gruppa.

Konserten vil innehalde musikalsk reisegods med basis i musikk frå Hallingdal etter spelemenn som Ola Fauske, Trond Vøllø, Ola Strand og Tor Grimsgard m.fl. Samstundes vil det bli fletta inn musikk som dei medverkande musikarane har med seg.

Inngang kr. 100,-

Arr: Hemsedal kommune og Hemsedal Mållag.

Konserten er støtta av
Fond for utøvande Kunstnere.

Hemsedal kommunehus - opningstider:

Send e-post til: postmottak@hemsedal.kommune.no

Opningstid: kl. 09.00-15.00, tlf. 31 40 88 00, faks 31 40 88 30

Skattekontoret / Skatt Sør (Folkeregister): Kontoret i Hemsedal er ope kvar torsdag kl 09.00 - 15.00, kontoret på Gol er ope alle dagar, eller ring landsdekkande tlf. **800 80 000**

NAV Hemsedal: Ope kvar dag kl. 09.00-15.00, tlf. **31 02 85 85**

Hemsedal folkebibliotek: tysdag og laurdag kl 11.00 - 14.00,
tysdag, onsdag og torsdag kl 17.00 - 20.00
tlf. **31 40 89 50**

Bygdearkivet: ope i tidsrommet 01.11.08—31.05.09, kvar tysdag kl 17.00-20.00.

Frist for innlegg til neste kommunepost, 20.05., 17.06., (ein tek atterhald om endring).
Sjå også kommunen sine nettsider: www.hemsedal.kommune.no



* Ordføreren sitt hjørna *

Kommunestyremøtet i mai er avlyst. Det var lite saker denne gongen. I staden for vanleg kommunestyremøte blir det eit orienteringsmøte, der det mellom anna skal vera informasjon frå studieturen til Østerrike. Dette er eit ope møte som alle er velkomne til, og møtet blir i kultursalen. Tilbakemeldingane frå turen er gode. Det var ein nyttig og lærerik tur er det fortalt meg. Kva såg dei, og kva kan me lære? Det får me svar på torsdag 7. mai i kultursalen. Dette skal me kople opp mot kommuneplanarbeidet, så etter orienteringa vil kommunestyret diskutere framdrifta av kommuneplanarbeidet i 2009.

Folketalet i Hemsedal veks jamt og trutt. Ved nyttår var me 1995 hemsedøler. Det er bra aktivitet i bygda, og det er selt mange bustadtomter på Svøo. Eit av dei beste teikn på vekst er at det blir bygd nye hus og leiligheter. Tomtene på Svøo har gått undå så fort at me må regulere nye områder. Ei utviding vidare sørover (aust), er naturleg på fleire måtar. Veg, vatn og kloakk er lagt inn i noverande felt, og ei utviding er derfor ei grei sak når det gjeld infrastruktur. Området vidare skulle også ligge godt til rette for bustadfelt, då det er skog med låg bonitet. Kommunen vil starte forhandlingar om grunnkjøp der med det fyrste.

På Tuv er det kanskje nokre få tomter me kan bygge på vidare sørover for bustadfeltet der. For nokre år sidan fekk me ein flaumrapport frå NVE som sa at heile området sør for noverande bustadar vil bli utsett for det dei kallar ein 200-års flaum, og i så fall kan det ikkje byggjast der. Me har stilt spørsmål ved denne rapporten, og NVE har lova å sjå på den på nytt. Me er lova svar med det fyrste. Eg har tru på at nokre få tomter kan nyttast, men det kan neppe bygjast med kjellar under huset.

På Tuv er også delar av Hustadhagen lagt ut til bustadfelt i kommuneplanen. Eg skreiv for eit års tid sidan at kommunen skulle starte regulering der. Dette har ikkje kome i gang, men det har vore nokre samtaler med grunneigar, og det er gjort ein del vurderingar på løysingar og stipulert veldig grovt kva kostnadene med opparbeiding vil bli. Det vil bli dyre tomter. Området burde vera større slik at infrastrukturen kan delast på fleire tomter. Det er derfor venta med reguleringsplanarbeidet for å prøve å få lagt inn eit større område i kommuneplanen.

For Trøim er området aust og sørover frå Trøim-Sør ei naturleg utviding. Dette må også avklarast i samband med kommuneplanarbeidet. Her har me fått signal om at det må gjerast tiltak på fylkesvegen for å betre situasjonen både for gåande og køyrande. Kommunen har vedtatt ny trase for fylkesvegen slik at den vil få kryss/ rundkøyring inn på RV52 vest for Shellstasjonen. Det vil gjera at noverande bru ved Fanitullen kan brukast som gangveg. Denne løysinga håpar me kjem inn i den nye Fylkesvegplanen som skal opp i fylkestinget i år. Dette er viktig for framtidig utvikling rundt Trøim og for Hemsedal.

Dette er noko av det me må diskutere på møtet på torsdag, og vidare i kommuneplanarbeidet utover året. Andre stikkord er Røggelia og hyttepolitikk. Det blir nok mange møter med vegvesen, fylkesmann og fylkeskommune i tida som kjem.

Ynskjer alle ei god 17. mai!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordførar
(sign.)



* Informasjon *

Lag- og organisasjonar, velforeningar og grendautval i Hemsedal

Vi ynskjer å få oversikt kven som er leiarar i alle lag- og organisasjonar, velforeningar og grendautval i Hemsedal.

Gi tilbakemelding til Tenestetorget i Hemsedal kommune, tlf 31 40 88 00 eller send på e-post: tenestetorget@hemsedal.kommune.no

*** Kultur- og oppvekst ***



Marafant? Måfåkaggji?

Utstilling av dialektord på biblioteket.

23. april er den internasjonale bokdagen.

I Hemsedal vart i år denne dagen markert med eit samarbeid mellom ungdomsskulen, biblioteket og mållaget. Elevane fekk ei liste med særprega ord på hemsedalsdialekt. Så valde dei seg ut kvar sitt ord, fann ut litt om korleis ordet kunne brukast, og skreiv det fint på dekorerte plakatar.

Resultatet heng på veggane på biblioteket!



Hemsedal musikk- og kulturskule



Søknad for skuleåret 2009 / 10

Nytt søknadsskjema for skuleåret 2009/10 vert lagt ut på internett kring 10. mai.

NB!!! Nytt i år er at alle søknader skal leverast inn elektronisk.

Du finn skjema på Hemsedal kommune sine heimesider: www.hemsedal.kommune.no. Gå inn på skjema / kultur og fritid / søknad om inntak i musikk- og kulturskulen.

For rettleiing og spørsmål kan du ta kontakt med rektor Kirsten Lund, tlf. 97058805, eller Tenestetorget, tlf 31408800.

Oppseiing av plass vil førebels skje ved skriftleg melding til musikk- og kulturskulen v/Kirsten Lund.

Søknadsfrist og utmeldingsfrist er 1. juni 2009.

Søklarar som står på venteliste må søkje på nytt!

Sjå elles felles annonse og informasjon for kulturskulane i Hallingdal i Hallingdølen primo mai 2009.



Vårkonsert

Elevar frå musikk- og kulturskulen held vårkonsert!!

De vil få høyre fin song og musikk og sjå dansegruppene våre danse.

Tid: torsdag 28. mai 2009 kl. 19.00

Stad: kultursalen, kommunehuset
Inngang: vaksne kr 30 , born og ungdom opp til 18 år gratis

Alle velkomne!!



Basar - Tuv skule

Alle born og vaksne ved Tuv skule vil rette ein stor takk til alle enkeltpersonar og bedrifter for gaver til basaren vår 31. mars 2009.

Likeeins vil vi takke alle som kom på basaren og støtta prosjektet.

33 734 kroner er overført Frelsesarmeen sitt arbeid ved Aidssjukehuset i St. Petersburg .

Frelsesarmeen Norge

vil gi Tuv skule ein takk tilbake.

29. mai kl 12.00 får vi ein gratis konsert med Chicago Staff Band ved Trøimshallen.

Chicago Staff Band er eit 30-manns brassband, no på Europaturné. På vegen mellom Bergen og Oslo stoppar dei i Hemsedal.

Ta med matpakka og kom!

Sjå eiga annonse side 13.



Sjå hit!

Har du nokon gamle garnrester som berre ligg og tek plass?

Ungdomsklubben treng garnrester av alle slag til hekling og strikking!

Ta kontakt med Siv Kvålshaugen, leiar ungdomsklubben, tlf: 930 32 326.

*** Teknisk etat ***

Sesongarbeider som ressurs – kva meiner arbeidsgjevarane ?

Vintersesongen er på hell og mange sesongarbeidarar reiser heim. Hemsedal er avhengig av sesongarbeidaren om reiselivsbygda skal fungere. Likevel, i kva grad "investerer" bygda i denne ressursen – om lag 500-600 yngre vaksne årleg.

I kva grad er samfunnet medviten om at nettopp denne ressurs, som årleg kjem til bygda faktisk kan bli framtidige bufaste Hemsedøler.

Hemsedal kommune i samarbeid med næringa ønskjer eit engasjement, men også svar på kva **du som arbeidsgjevar**, men også **sesongarbeidar** meiner me bør gjere for å leggje forholda betre til rette for denne gruppa.

Gå difor inn på kommunen si nettside, www.hemsedal.kommune.no og bruk 2 minuttar på å svare på elektronisk spørjeskjema.

NB! Frist 4. mai.

Eventuelle spørsmål kan rettast til Ola K. Frogner, tlf 31 40 88 00 e-post: ola.frogner@hemsedal.kommune.no

Møteplassen – etablerar- og næringsfrukost onsdag 27. mai kl. 08.00-09.00

Det vert arrangert etablererfrukost for alle som har starta eigen verksemd, eller draumer om å starte eigen verksemd. Føremålet med møtet er å lære av kvarandre, byggje nettverk, men og få betre kjennskap til kva for hjelp, eller stønad du som næringsdrivande kan få. Det vert presentasjonar og erfaringsutveksling om start av eigen verksemd ved;

- Gry Herland – Coach og konsulenttenester
- Torgunn Huso - Hemsedal Flatbrødbakeri As
- Pål Terje Rørby – 3D datagrafikk for bygg og anleggsbransjen

I tillegg vert Hallingdal Etablerersenter aktiv deltakar. Møtet er opent for alle interesserte og finn stad i 3. etasje i banken. Enkel frukost. Me sjåast !

Venleg helsing

Hemsedal Handelstand, Hemsedal
Turisttrafikkklag, Sparebank 1 Hallingdal,
Hemsedal Bondelag og Hemsedal kommune.

Spørsmål kan rettast til sekr. Ola K. Frogner på e-post: ola.frogner@hemsedal.kommune.no

”Miljøklynge Hemsedal”

Ein del næringsverksemdar i Hemsedal har etablert eit uformelt samarbeid kring miljø som konkurransefortrinn. Eit av mange spørsmål har vore kva slags miljøsertifisering mi verksemd bør velje både for å betre miljøprofilen, men også kunne nytte aktivt som marknadsreiskap. Ein opplever at både marknaden, og viktige samarbeidsaktørar i stadig større grad etterspør miljødokumentasjon.

Har du spørsmål ta kontakt med miljøvernleiar Jørn Magne Forland, e-post:

jorn.magne.forland@gol.kommune.no eller

Ola K. Frogner, e-post:

ola.frogner@hemsedal.kommune.no



Hestemøkk og hundelort

Det er mange som rir med hestar og går på tur med hundane sine på gangveggar og i køyrebanar. Me oppmodar alle til å ta bort møkk etter dyra sine.



Bålforbod/ Brenning av avfall

Hemsedal kommune minnar om bålforbodet som gjeld i skogsmark eller i nærleiken av skogsmark frå **15. april til 15. september**. Brenning av næringsavfall/produksjonsavfall er **ikkje** lov.



Avfallsopprydding i Hemsedal våren/ forsommer 2009

Bilvrak

Meld frå om du veit om eller har kasserte køyretøy (bilvrak). Kommunen og Hallingdal renovasjon kan hjelpe til med å få levert bilvrak til avfallsmottak på Roppemoen dersom det er vrakpant på køyretøyet.

Landbruksutstyr i metall/ metallskrot

Hemsedal bondelag og Hemsedal kommune inviterer til oppryddingsdugnad tysdag 2. juni der det 2-3 stader i kommunen vert lagt opp til at bønder/gardbrukarar kan komme og levere **metallavfall** (ikkje bilvrak då dette tek for mykje plass).

Bil frå Hallingdal renovasjon er på kvar oppsamlingsstad i 2-3 timar og hjelper til med av- og pålasting.

Bønder som held til i nærleiken av Langeset avfallsmottak tilråast å levere metallavfallet sitt der. Det kostar ingenting å levere det. Opningstid er tysdag 12-19 og laurdag 10-13.

Meir informasjon om klokkeslett og plassering av oppsamlingsstad kjem.

Anna avfall

Meld frå til kommunen dersom du veit om plassar som vert brukt til dumpingstad for avfall eller som er stygt tilgrisa.

* Kva skjer *



Innbrudd Hugnadheim

Me har hatt innbrudd på Hugnadheim natt til torsdag 16. april, der mellom anna ein projektor til verdi kr 25.000,- vart stole.

Tips om saka kan meldast politiet tlf 32 05 55 11 eller leiar i Samhald UL, Rine Børresen, Tlf. 477 55 644.



Leir for born frå 7-12 år:

"Høgt og lågt" (tidlegare "Lykkjaleiren")
vert i år **laurdag 4. - søndag 5. juli.**

Dei eldste får tilbod om fjelltur med overnatting
frå fredag 3. juli.

Program og påmelding kjem i juni.

Kontaktpersonar: Ingrid Stubberud, tlf. 922 94
104, Toril Venås Sørensen, tlf. 482 40 275.

Hemsedal søndagsskulelag



Akekonkurransen på Liajordet 29.3.09

Napp i vandrefat gjekk i år til:
klasse 8-12 år: Ådne Børresen
13 år og oppover: Sissel Rudningen

Me var 45 deltakarar som hadde ein triveleg dag i
flott vintervær!

Takk til Tove og Ola Lien for lånet av jordet m.m.,
også takk til Ole Embrikgard for god lyd.

Magne tusen takk til dei som var med å sponsa
oss: Sparbank 1 – vandrefat, ICA, Sport 1 og
Zaxiz med premiar og Hemsedal Bakeri med
boller.

Attglymte gråe strikkevantar

Akekonkurransen Liajordet, kan hentast hjå
Sissel Rudningen, tlf. 419 35 24



LHL Hemsedal

Kakelotteri – lunge- og hjertesjukes dag

Hjarte- og lungesjukesveke er i år frå 25. til 31.
mai med **likemannsarbeid** som hovudtema.
Målet er å gjera publikum kjent med arbeidet LHL
driver, og kva likemannsarbeid er.
Likemannsarbeid kan eksempelvis rettast mot
kosthald og at matlaging i fellesskap er godt like-
mannstiltak.

Kakelotteri er også ein årviss tradisjon. I år har
ein tenkt å slå saman hjerte- og lungesjukesdag
og kakelotteriet. **Dette vert halde fredag 29 mai.**

Ein kjem seinare attende med nærare klokkeslett
for lotteriet, stad for lotteriet og kven som tek imot
melding om kaker og eventuelt andre gevinstar.
Merk dykk datoen alt no. Kanskje nokon har ein
ide om korleis ein kan kople kosthald i likemanns-
arbeid og kakelotteri?

Grasrotandelen

"Grasrotandelen" er ei ordning som vil gjera det
mogeleg for spelarar hjå Norsk Tipping å gje ein
andel på inntil 5 % av innsatsbeløpet direkte til
ein lokal organisasjon.

Spelekortet frå Norsk Tipping er nøkkelen til
"Grasrotandelen". Når du har funne fram til det
laget du ynskjer å støtte, blir ditt val registrert på
deg som spelar. Slik sikrar du at ditt "Grasrot-lag"
får støtte kvar gong du spelar. "Grasrotandelen"
gjeld på alle spela til Norsk Tipping, bortsett frå
Flax og Extra.

LHL Hemsedal er registrert i Frivillighetsregistre-
ret i Brønnøysund – noko som er ein føresetnad
for å du skal kunne gje din del av speleinnsatsen
til LHL Hemsedal. Ein har ikkje teke imot melding
om at registreringa er i orden ennå.

Neste gong du spelar på fotballtipping eller lotto
og du ynskjer å støtte LHL Hemsedal økonomisk,
spør hjå kommisjonæren om registreringa til LHL
Hemsedal er i orden og få i tilfelle dette registrert
på spelekortet ditt. Ved seinare spel vil dette då
gå automatisk.

Vi seier på førehand takk.

Førstehjelpkurs

LHL vil **måndag 11. mai kl 1800** skipa til første-
hjelpkurs. Kurset, som varer 3 timar, vert halde
på Helselagshuset, er opent for alle og vil inne-
halde: varsling 113, frie luftveggar og sideleie,
hjerte/lungeredning, akutte sjukdomar.

Det er ikkje deltakaravgift – det vil seia at kurset
er gratis for alle som deltek.

Kurshaldar er Førstehjelpsteamet v/ Jøren G.
Fossnes.

Panterdagen

Laurdag 9. mai er det klart for Panterdagen på
Ekeberg. For 15. året på rad skal det populære
Panterløpet arrangerast av LHL og Oslo Bedrift-
sidrettskrets.

Panterdagen er eit trivselsarrangement for vaks-
ne. Sjølv løpet går i ei godt tilrettelagt løype på
Ekeberg. I hallen vert det underholdning, utlod-
ning med fine premiar, utstilling, mat- og kaffiser-
vering. Deltakaravgifta er kr 200,-.

Alle som melder seg på innan påmeldingsfristen
17 april får gratis t-skjorte.

Påmelding kan skje til telefon 22 57 97 77 alle
kvardagar.

Meld også frå til ein styremedlem i
LHL Hemsedal. Dersom det vert
mange nok vil det verta sett opp
buss.





NASJONALFORENINGEN

HEMSEDAL HELSELAG

BUSKERUD FYLKESHELSELAG holder åpent **møte om HJERTEINFARKT** på Ål kulturhus, Veslesalen **torsdag 7. mai kl 19.00.**

Hovedinnlegg ved cand.med. Nils Tovsrud, Institutt for eksperimentall medisinsk forskning, Ullevål Universitetssykehus.

Lege Nils Rune Nilsen, Gol vil snakke om symptomer/hjelpeapparat når hjerteinfarkt oppstår hos en person som befinner seg i Hallingdal. Her er veien lang til sykehuset og tiden knapp.

Underholdning av ungdom fra Gol på torader. Inngang kr 100,-.

Trenger du skyss ta kontakt med Eli Gravermoen tlf 992 91 330.

Besøk i sekretariatet i Oslo

Torsdag 28. mai har vi fått anledning til å besøke sekretariatet i Oslo. Ønsker du å være med?

Felles avreise fra Hemsedal. Offentlig kommunikasjon fra Gol kl 06.30. Helselaget sponser noe av reisen.

Generalsekretær Vidar G. Wilberg blir med. Lunsj. Økonomisk situasjon. Nasjonalforeningens saker ved fagavdelingen. Omvisning på huset/besøk i ekspedisjonen.

Påmelding til Eli Gravermoen 992 91 330 innen 5. mai.

Loppemarked 4. juli

Vi tar imot lopper på Helselagshuset hverdager fra kl 09.00 til kl 14.00.



Romaniabasar

Endå ei gong viste Hemsedølene at dei kan trå til.

Me er dykk ein stor takk skuldig.

Takk til alle deu som deltok med både gevinstar og masse pengar.

Takk òg for all velvilje me vart møtt med hjå bedriftene som sponsa oss med flotte gevinstar og masse pengar.

Det ville ikkje blitt basar med så godt resultat utan dykkar hjelp.

Resultatet for kvelden vart kr 51 800,-.

Pengane vert brukt til oppussing av bad og born som får koma på sommarleir.

Også ein stor takk til Ulsåk skule v/elevar, foreldre og lærarar, for det som de gjorde.

Helsing Einar og Co.



Hemsedal Husflidslag

Vårens vakreste eventyr!
Vi inviterer til dugnad i og utenfor huset vårt.

torsdag 14. mai kl. 18:00

Ta med godt humør og innsatsvilje.
Vi spanderer noe å drikke og å bite i.

Medlemsmøte

Den 11. juni kl. 19:00 ønsker vi velkommen til medlemsmøte på "Veven" Svøo Industriområde.

Vevgruppen vil gi en interessant informasjon om sitt arbeide.

Forslag til våre aktiviteter for høsten og vinteren vil bli diskutert.

Vel møtt!



Hua mi?

Etter kyrkjekaffi på Kyrkjestugo ved innsetting av presten, var det ein som tok mi svarte hue med eit par fingervottar oppi.

Vore snilt om eg kunne få dei attende, tusen takk!

Kontakt Einar Tveit, tlf 32 06 02 60



Blomstringstur 19.mai!

Hemsedal eldreleg

tek ein tur til Sogn i staden for vårmøtet.

Me kjem til Leikanger kyrkje og prestegardshagen.

På Fjordkroa får me omkring kl. 12.30 servert valfri middag med dessert.

Turen går vidare til omvising på Statens forsøkstasjon for frukt og bær på Njøs. Handel og kaffistopp i Sogndal.

Me startar frå Eikre kl. 07.30.

Påmelding innan 10.mai til:

Ola Kvanneberg tlf. 3206 2161 eller Ivar Halbjørhus Wøllo tlf. 3206 212.

Pris kr. 300,- pr.pers.

Me ynskjer medlemmer og andre vel møtt til ein fin tur!





På gamle vegar i Lærdal - 2009

Onsdag 13. mai blir det "vårvandring" i Lærdal/Borgund i forbindelse med verdens aktivitetsdag 10. mai.
(www.1-2-30.no)

Oppmøte: kl 16.00 ved Hemsedal kommunehus

Retur: kl 19.30 ved Borgund stavkyrkje

Vi kører buss til Borgund stavkyrkje. Vi går så Sverrestigen ned til Husum. Turen tilbake til stavkyrkja går på Vindhellavegen. Vindhellavegen er ei perle å gå om våren. Det er ein del av den gamle Kongevegen mellom aust og vest.

Vindhellavegen går gjennom fjellpasset mellom Husum og Borgund stavkyrkje. Den fyrste Vindhellavegen vart ferdig i 1793. Vegen slik han er i dag vart bygd mellom 1840 og 1843.

Namnet, Sverrestigen, kjem frå Sverresoga som fortel at kong Sverre rei denne delen av den gamle kongevegen i år 1177. Denne turen tek cirka 2 timar med innlagt pause.

Om nokon ynskjer ein kortare tur og lettare tur, er det mogleg å gå Vindhellavegen begge vegar.

Turen er gratis og alle er hjerteleg velkomne til å delta.

Ved dårleg vær, vil turen bli utsett!

Har du spørsmål eller er du usikker på om turen vil bli gjennomført på grunn av været sjølve turdagen? Ring Kristin Carlsen på mobil: 97 05 88 18

Huskeliste: Ta med mat, drikke og gode sko til turen

Friskliv Hemsedal stiller med gåstavar til dei som vil nytte det.

Venleg helsing
Kristin Carlsen, Frisklivskoordinator
Hemsedal kommune,
Tlf: 31 40 89 17 / 970 58 818



Friskliv Hemsedal

Vi minner om frisklivstreninga måndagar og torsdagar i Trøimshallen.

Gratis frisklivstrening i Trøimshallen:

Måndagar: 15:10 – 16:15

Step og styrke (NB: Merk tida)

Instruktør: Charlotte Andersson

Torsdagar: 15:15 – 16:15

Styrke og bevegelighet

Instruktør: Ole Petter Espe

NB: Torsdag 21. mai (Kristi himmelfartsdag) blir det ikkje trim.

Frisklivstrimmen er eit lågterskeltilbod til alle innbyggjarane i Hemsedal.

Trimmen blir lagt opp slik at alle skal kunne delta i sitt tempo.

Helsing

Friskliv Hemsedal, v/ Kristin Carlsen
970 58 818, 31 40 88 18

* Kyrkja *



Gudstenester i Hemsedal

3. mai

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.30
Salmekveld.

17. mai

HEMSEDAL KYRKJE KL.10.15
Familiegudsteneste.

21. mai - Kristi himmelfartsdag

HEMSEDAL KYRKJE KL.11.00
Gudsteneste.

26. mai – tysdag

HEMSEDAL KYRKJE KL.19.30
Samtalegudsteneste.
Konfirmantfest

31. mai – 1.pinsedag

HEMSEDAL KYRKJE KL.10.00 og 12.00
Konfirmasjon.



HEMSEDAL IDRETTSLAG
3560 Hemsedal

Fotballsesongen er i gang!



Kunstgrasbanen er åpen og fotballagene er i gang med trening og kamper.

Ved banen er det oppslag over lagene sine hjemmekamper og treningsdager.

Det skal spilles ca 40 hjemmekamper i vår-sesongen.

Møt opp og hei lagene våre fram!



Old girls

Vi har også et godt fotball trim-tilbud for de voksne jentene.

Old girls trener en kveld i uka.

Til å lede treninga søker vi noen som er interessert i å spille og trene på et uformelt nivå.

"Snadderbu"

Fotballgruppa er i ferd med å starte bygging av ny permanent "Snadderbu".

Vi er interessert i få kjøpt pent brukt håndvask m/ berøringsfri armatur, og eventuelle stålbenker/stålbenk med vask/ hyller .

Ta kontakt med Fotballgruppa v/Ragnhild

Trimgruppas treninger:

Sommer trening i Trøimshallen, start 4.5.:

Tysdag: 17.15 - 18.30 step eller step/styrke

Torsdag: 20.00 - 21.15 Boxaerobic

Spinning i Klubbhuset ved kunstgressbanen:

Sommerprogrammet begynner fra 1.6.

Frem til da gjelder disse tider:

Måndag: kl 18.00 - 19.00

Tysdag: kl 06.30 - 07.30 og kl 19.30 - 20.30

Onsdag: kl 16.30 - 17.30

Torsdag: kl 07.00 - 07.45 og kl 17.00 - 18.00

Lørdag: kl 09.30 - 10.30 og 16.30 - 17.30

NB! Påmelding: www.hemsedalil.no eller tlf 948 52 350.

Ved mindre enn 6 påmeldte vil spinningtiden bli avlyst.



Orientering

O-teknisk trening 10 år og oppover (for nybyrjarar med litt erfaring).

Onsdag 6.5. kl 1800-1930:

O-teknisk trening inne på Kyrkjestugu

Onsdag 13.5. og 20.5. kl 1730:

O-teknisk trening i samband med treningsløpa

* Hemsedal Turistkontor *

1. maiprogram

Helly Hansen Crowd Pleaser – Big Jump på ski/ snowboard og moteshow.

Postgirobygget, Chris Lee, After Beach, Peter Dahlqvist, m.fl spiller på utendørsscenen i skisenteret.

Paper Boyz på Hemsens nattklubb Dimitri from Paris på Bar(t)

WESC (Norges beste DJs Stretch Armstrong (N. Y), Goldfinger, m.fl.) på Skarsnuten hotel ...og mye mer...!

.....

Klatrekurs for barn og ungdommer med Hemsedal Fjellsport.

Mandager og tirsdager fra 18.5 til 9.6.
Alder fra 5 år til 8.klasse.

Påmelding innen 16.5. til
rune@hemsedalfjellsport.no


Arrangement i Hemsedal sommer 2009:

18.7.	Skogshorn dansen
21.-23.7.	Hemsedal Sommer Sykkelcamp
7.-9.8.	Hemsedal Sykkelfestival
28.-30.8.	Cowboy og Hestehelg
4.-6.9.	Aim Challenge
12.9	Høstmarked
13.9	Hemsedalsmarsjen
18.-20.9.	Hemsedal Fjellfestival
18.-20.9.	Hemsedal Helsecamp
22.-24.9.	Innovasjonskonferanse for Fjell- turisme
25.-27.9.	Oktoberfest
Uke 40	Høstferieuke med sykkelcamp, høstcamp, m.m.


Les mer i vedlagte aktivitetsguide for sommeren 2009

Skriv inn dato i kalenderen!

Les mer på www.hemsedal.com



Orientering 2009



O-teknisk trening 10 år og oppover (for nybyrjarar med litt erfaring).

Onsdag 6.5., kl 1800-1930:

O-teknisk trening inne på Kyrkjestugu

Onsdag 13.5. og 20.5., kl 1730:

O-teknisk trening i samband med treningsløpa

Dag / Dato	Løpstype	Arrangør	Kart	Start	frå kl
Onsd. 13/5	Treningsløp	Hemsedal	Eikre	Eikredammen	18.00
Onsd. 20/5 (Langeset)	Treningsløp 18.00	Hemsedal	Ulsåk	Rv.52	
Onsd. 27/5	Hallingtreffen 1	Nesbyen	Åsen/Trytetjern		18.00
Onsd. 3/6	Treningsløp	Hemsedal	Langeset	Hødnset	18.00
Onsd. 10/6	Hallingtreffen 2	Hemsedal	Ulsåk	Eikrevegen	18.00
Onsd. 17/6	Treningsløp	Hemsedal	Tuv	Heisen	
Onsd. 24/6	Hallingtreffen 3	ÅI	Veståsen II		18.00
Onsd. 1/7	Treningsløp	Hemsedal	Torsetåsen	Idrettsbanen	18.00
Onsd.12/8	Hallingtreffen 4	Gol	Solseter		18.00
Onsd. 19/8	Treningsløp	Hemsedal	Mørkedalen	Hestehaugen	18.00
Onsd. 26/8	Treningsløp	Hemsedal	Ulsåk	Ferieparken	18.00
Onsd. 2/9	Hallingtreffen 5	ÅI	Syningen/Vermelie		18.00
Onsd. 9/9	Treningsløp	Hemsedal	Vannin	Gravset	17.30
Lørd. 12/9	HM individ.	Nesbyen	Drifteslepa		15.00
Sønd. 13/9	Hallingstafetten	Hemsedal	Eikre	Fuglehaugen	13.00
Onsd. 16/9	Klubbmesterskap	Hemsedal	Eikre	Huso	17.30
Onsd. 23/9	Treningsløp	Hemsedal	Lio	Eilevstølen	17.30
Sund. 27/9	Sykkeloriering	Hemsedal	Turkartet	Trefta	13.00
Onsd. 30/9	Nattorientering	Hemsedal	Vannin	Ålrust	20.00

Hallingtreffen: Felles avreise fra Ulsåk. Møt opp utenfor KIWI kl 17.00.

- Alle løp i Hemsedal merkes til start fra rv 52.
- Svært lett nybyrjarløype. Opplæring blir gjeven.
- Du kan rusle rundt utan tidtaking.
- Gratis kart. Kompass får du låne av o-gruppa.
- Besøk vår heimeside: Gå inn på www.hemsedalil.no og vel orientering.
- Velkomen til mange fine turer i Hemsedals flotte natur!





Nye vegnamn i Hemsedal!

Hausten 2008 kom det melding frå statleg hald om oppstart av eit landsomfattande adresseprosjekt. Stadnamngruppa i Hemsedal kommune sette då i gang arbeid med innhenting av forslag til nyevegnamn.

Kommunen er ved lov pålagt å tildele offisiell adresse for alle adresseverdige bygg. Til no har dette berre omfatta bygg for fast busetjing. Dette er utvida til å gjelde alle hytter, utleiehytter og stølsbuer. Tidlegare har adressering av sist nemnde bygg vore knytt til gards- og bruksnummer med tillegg av undernummer for å skilje bygg oppført på same eigedom. Dette har vist seg å skape vanskar for mellom anna utrykningskjøretøy.

Kommunestyret oppretta i 1997 ei Stadnamngruppe. Denne har som oppgåve å legge fram forslag til nye vegnamn for vedtak i kommunestyret. Stadnamngruppa har gjennom sitt arbeid sidan hausten 2008 funne fram til over 80 nye vegnamn i Hemsedal kommune. Dei folkevalde medlemene i Stadnamngruppa har lagt ned eit solid arbeid ved at dei har teke kontakt med ulike grunneigarar for å få kjennskap til aktuelle vegnamn.

Stadnamngruppa har lagt vekt på lokale stadnamn, lokal uttale og kva som til no har vore nytta som vegnamn i daglegtale.

Tildeling av offisiell adresse vil få betydning for mange av innbyggjarane i kommunen. Stadnamngruppa ynskjer av den grunn å legge dei vel 80 nye vegnamna ut på høyring. Høyringa vil vare frå 1.mai til 3.juni 2009.

For å kunne handtere innspel ut frå høyringa på ein god måte, må desse rettast skriftleg til Hemsedal kommune innan 3.juni 2009.

Du kan nytte post eller e-post og sender då innspelet til:
Hemsedal kommune, Postmottak, 3560 Hemsedal eller
e-post: postmottak@hemsedal.kommune.no

Merk innsendinga med „Vegnamn“, då vert det enklare for dei som har ansvaret for postføringa i kommunen. Høyringa vert og lagt ut på Hemsedal kommune si nettside.

Forslag til nye vegnamn i Hemsedal:

Nr:	Forslag:	Lokalisering:
1	Hemsedalsvegen	Riksveg: Rv 52. Frå Eikredammen til fylkesgrensa Sogn og Fjordane
2	Torsetvegen	Fylkesveg: Frå Moabrue til Torsetbrue - Fv 233
3	Mythevegen	Mellom Rv 52 og Lykkjavegen - Fv 232
4	Lykkjavegen	Til Lykkja frå Ulsåk til Embriksgard - Fv 231
5	Eikrevegen	Frå Lykkjavegen (Båste) til Fuglehaugen - Fv 224
6	Bedehusvegen	Kommunale vegar: Aust for Ulsåk oppvekstsenter
7	Hulbaksvegen	Frå Rv 52 forbi Hulbak og til Grøndalsvegen
8	Hustadvegen	Frå Grøndalsvegen (kryss v/Tuv) til Høllekøltan
9	Grøndalsvegen	Grøndalen. Frå Rv 52 til Tubba
10	Liovegen	Gjennom Lio - frå Rv 52 til Rv 52

Forts. neste side

Private vegar:

11	Golfvegen	Hovudveg i hyttefelt Eikredammen
12	Pegstigen	I hyttefelt Eikredammen
13	Køllevegen	I hyttefelt Eikredammen
14	Køppen	I hyttefelt Eikredammen
15	Drivarn	I hyttefelt Eikredammen
16	Grohaugvegen	Mellom Rv 52 og Lykkjavegen - forbi Grohaug
17	Hødnsvegen	Frå Torsetvegen til siste garden i Søre Hødn
18	Skyrvedalsvegen	Frå Hødnsvegen til Skyrvedalen
19	Krøsstølvegen	Frå Torsetstølvegen til kommunegrense Gol
20	Torsetstølvegen	Frå Søre Hødn til kryss Leinestølvn-Sireslettvn
21	Sireslettvegen	Frå krysset Leinestølvegen - Sireslettvn til Skarsstølen
22	Leinestølvegen	Frå krysset Leinestølvegen - Sireslettvn til Hornslitippen
23	Langesetvegen	Frå Rv 52 til Torsetstølvegen
24	Vestliven	Frå Torsetstølvegen til Eikrebekkdammen
25	Ålrustmørkji	Mellom Rv 52 - Hjelmen til Eikrevegen
26	Kalvesletten	Frå Eikrevegen i Kalvesletten bustadfelt
27	Furuhaugvegen	Frå Eikrevegen til Furuhaug
28	Gamle Eikrestølvegen	Frå Furuhaugvegen til Ålrustvegen
29	Heggjirustvegen	Frå Gamle Eikrestølvegen til Heggjiruste
30	Helsinglie	Frå Lykkjavegen til Helsinglie
31	Heimskarvegen	Frå Lykkjavegen i Heimskar hyttefelt mot Elvik
32	Garnøddvegen	Frå Heimskarvegen til Garnødden i Heimskar hyttefelt
33	Attjernvegen	Frå Lykkjavegen til Attjern i Heimskar hyttefelt
34	Slømyrvegen	Frå Lykkjavegen til Slømyre i Heimskar hyttefelt
35	Grøthestølvegen	Frå Lykkjavegen til Grøtestølatn
36	Løkenstølvegen	Frå Lykkjavegen til Løkjistølatn
37	Ålruststølvegen	Frå Lykkjavegen til Mørkenvollen
38	Eikrestølvegen	Frå Ålruststølvegen om Blomeslettatn
39	Bergastøllie	Frå Eikrestølvegen til Eikre- og Ålrust hyttefelt
40	Bergastølen	Vegar i hyttefelt ved Bergastølen
41	Jordheimstølvegen	Frå Lykkjavegen til Jordheimstølatn
42	Hyndestrønde	Frå Lykkjavegen til Hyndestrønde
43	Langehaugstølvegen	Frå Lykkjavegen til Langehaugstølatn
44	Jonstølvegen	Frå Lykkjavegen om Markegardslie til Lykkjavegen
45	Myljoteigen	Frå Jonstølvegen i hyttefelt Engene
46	Nørelivegen	Frå Lykkjavegen motl Nørelie
47	Rustberggardlie	Frå Lykkjavegen til Rustberggardlie
48	Lykkjastølvegen	Frå Lykkjavegen til Lykkjastølatn
49	Kandalvegen	Frå Lykkjastølvegen til Hovdestølen
50	Robølevegen	Frå Embriksgard til kommune-/fylkesgrense Nord Aurdal
51	Snikkerbrøten	Frå Fløgovegen til Snikkerbrøten
52	Brustigen	Stikkvegen frå Torsetvegen til Torsetbrue (v/Fanitullen)

Forts. side 12

53	Holdeskarsvegen	Frå Rv 52 til Møllerplasstølen i Holdeskaret
54	Fanitullvegen	Frå Holdeskarsvegen v/Møllerplasstølen til kommunegrense Ål
55	Moavegen	Frå Holdeskarsvegen langs elva Hemsil vestover
56	Møllevegen	Frå Holdeskarsvegen forbi Mølla Sportell
57	Sjugurdvegen	Frå Holdeskarsvegen til Torsetvegen
58	Skiheisvegen	Frå Holdeskarsvegen via Hemsedal Skisenter
59	Skrukkebekkvegen	Frå Holdeskarsvegen opp til Hemsedal Skisenter via Liatunet
60	Pytten	Frå Holdeskarsvegen opp i hyttefelt Rådyrlia (Fekene)
61	Storelivegen	Frå Holdeskarsvn via Sjåstadfeltet og Skarsnuten til Holdeskarsvn
62	Kjelhøvda	Frå Holdeskarsvegen til hytter v/Kjelhøvda - Kjeltjern
63	Rupehøvda	Frå Holdeskarsvegen til hyttefelt Holde/Haga
64	Prærievegen	Frå Skiheisvegen til "Huset på Prærien"
65	Totteskogvegen	Frå Skiheisvegen til hyttefelt Totteskogen
66	Storemyrvegen	Frå Totteskogvegen til Sjugurdvegen (ny veg)
67	Heiskroken	Frå Skiheisvegen til leiligheter i Hemsedal Alpin Appartement
68	Hollvinvegen	Frå Totteskogvegen og inn i hyttefelt Hollvin
69	Holdebakken	Område B2 i Hemsedal Fjellandsby
70	Fagersetvegen	Frå Grøndalsvegen til Fagerset
71	Hydalsvegen	Frå Grøndalsvegen til Hydalen
72	Nedre Fjellstøllie	Frå Hydalsvegen til hyttefelt nedre Fjellstøllie
73	Øvre Fjellstøllie	Frå Hydalsvegen til hyttefelt øvre Fjellstøllie
74	Fjellstølvegen	Frå Hydalsvegen opp til Fjellstølatn
75	Ragnhildsetvegen	Frå Hydalsvegen til Ragnhildset
76	Vabuleino	Frå Hydalsvegen til Vabuleino
77	Helgesetvegen	Frå Grøndalsvegen opp i hyttefeltet ved Solheisen
78	Grosetlie	Frå Grøndalsvegen opp i Groset til Gjuva
79	Bulivegen	Frå Grøndalsvegen (Tubba) til Bulie
80	Mørekvamvegen	Frå Grøndalsvegen (Tubba) til Mørekvam
81	Heggjislettvegen	Frå Mørekvamvegen til Heggjislettatn
82	Søtelivegen	Frå Mørekvamvegen til Søtelistølatn
83	Venåsen	Frå Rv 52 forbi Venåsgardane til RV 52 v/Lio
84	Kongevegen	Frå Rv 52 Storeskar via Ershovd/Bakkestølatn til Bjøberg
85	Embrikvegen	Frå Rv 52 til hyttefelt Fekene v/Storeskar
86	Hestehaugvegen	Hyttefelt mellom Hestehaugatn og Bjøberg

Stadnamngruppa





EUROPEAN TOUR '09

Chicago Staff Band

NORGE

SVERIGE

DANMARK

TYSKLAND

Dirigent: William Himes

BERGEN

28. mai kl. 19.30

Johanneskirken

HEMSEDAL 29. mai kl. 12.00
ved Trøimshallen

Lunsjkonsert

OSLO

29. mai kl. 19.00

Templet - T. I. Øgrims pl. 4

17. MAI I HEMSEDAL 2009



KI 0800 **Flaggheising**

KI 0945 **Samling ved bautaen**

Hornmusikken spiller

Allsong: «Gud signe vårt dyre fedreland»

Tale og kransepålegging v/ordfører Oddvar Grøthe

Allsong: «Fagert er landet»

KI 1015 **Familiegudsteneste i Hemsedal kyrkje**

v/ sokneprest Allan Madsen

KI 1100 **Barnetog/folketog**

Politi, flaggberar, 17. mai -komiteen, formannskapet, Tuv oppvekstsenter, Hemsedal hornmusikklag, Ulsåk oppvekstsenter, Hemsedal b/u-skule, folketog.

Toget går frå kyrkja, til Hovtunsenteret, tilbake om Bråtenjordet og fram til Bygdaheimen.

Bygdaheimen

Helsing til dei eldre v/10. klasse

Underhaldning av elevar frå musikk- og kulturskulen/ Hemsedal barne- og ungdomsskule

Helsing til dei eldre v/russen

Allsong: "Ja, vi elsker" – Hornmusikken spiller

Etter arrangementet på Bygdaheimen går toget til Hemsedal barne- og ungdomsskule

Hemsedal barne- og ungdomsskule:

Etter toget er det utdeling av pølser og brus til barna ved HBU.

Sal av småmat og pølser, kaker og kaffe i kantina på HBU og på Kyrkjestugu.

Sal av kake, vaflar, kaffe, brus og is i kiosken i Trøimshallen.

KI 13.00 **Leikar for barna på skuleplassen**

v/HIL - Fotballgruppa

KI 14.00 **Trøimshallen - program**

Elevar frå musikk- og kulturskulen/ Hemsedal barne- og ungdomsskule

Allsong: «Hemsedalssongen»

Barneleikarringen i Samhald UL

Tale for dagen v/Biljana Velic

Allsong: «Ja, vi elsker»

Sal av mat fortset etter programmet

KI 1930 **Familiefest på Kyrkjestugu**

Arr: Hemsedal Normisjon

KI 2100 **Firing av flagget**

17.mai-komiteen

Klypp ut arket og ta det med deg 17. mai!

HEMSEDAL

Mel: Dei gamle fjell i syningom

Eg veit ein dal imellom fjell
Med berg og gråsteinsur
Der tindar stig og fossar fell
I ven og vill natur
Og denne dalen er oss kjær
Og denne heimen god
For ingen stad slik hugnad er
Som der vår vogge stod

Dei fagre fjell i sør og nord
Er dalens beste vern
Med hydnefossen ven og stor
Og djupe, stille tjern
Som drøymer stilt innunder kvelv
Når dagen andar ut
I sus og song frå Heimsil elv
Og svale vind frå nut

Vel var det slit og tronge kår
I mang ein tidebolk
Og lenge mellom haust og vår
For både fe og folk
Men heimegrend og gard og støl
Var vondt å skiljast ved
Og difor vart ein hemsedøl
Til sol bak fjell gjekk ned

Dei gamle ætter seig i grav
Frå vegen tung og bratt
Då dei la ned sin ferdastav
Tok nye krefter fatt
Og vart det stundom tap og tjon
Og løna heller skral,
Så lyste lell ei framtidsvon
For fagre Hemsedal

Og framtidsvona lyser enn
For heim og ættegard.
I hug og hjarta kjærleik brenn
Til det som er og var.
Den gode arven gøymast må
Og odlast i sin grunn,
Men kveik og kraft og signing få
Frå livsens helsebrunn



JA VI ELSKER

Ja vi elsker dette landet, som det stiger frem
Furet, værbit over vannet, med de tusen hjem
Elsker, elsker det og tenker på vår far og mor
Og den sagnatt som senker drømme på vår jord
Og den sagnatt som senker, senker drømme på
vår jord

Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud
Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt så ut
Alt kva fedrene har kjempet, mødrene har grett
Har den Herre stille lempet, så vi vant vår rett
Har den Herre stille lempet, så vi vant, vi vant vår
rett

Ja vi elsker dette landet, som det stiger frem
Furet, værbit over vannet, med de tusen hjem
Og som fedres kamp har hevet, det av nød til seir
Også vi når det blir krevet, for dets fred slå leir
Også vi når det blir krevet, for dets fred, dets fred
slå leir

FAGERT ER LANDET

Fagert er landet du oss gav,
Herre vår Gud og vår Fader!
Fagert det stig av blåe hav,
Soli ho sprett og ho glader,
Signar vårt land i nord og sud
Soleis di åsyn lyser, Gud,
Yver vårt Noreg i nåde

Signa då Gud, vårt folk og land,
Signa vårt strev og vår møda.
Signa kvar ærleg arbeidshand,
Signa vår åker med grøda!
Gud, utan deg den vesle urt
Veiknar og visnar, bleiknar burt
Ver du oss ljuset og livet.

GUD SIGNE VÅRT DYRE FEDRELAND

Gud signe vårt dyre fedreland,
Og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell til strand,
Og vinter for vårsol røma!
Lat folket som brødre saman bu,
Som kristne dei kan seg søma.

No er det i Noreg atter dag
Med vårsol og song i skogen.
Om sædet enn gror på ymist lag,
Det brydder då etter plogen.
Så signe då Gud den gode sæd,
Til groren ein gong er mogen.



Hemsedal kommune
Kunngjering
Kommunestyret

Kommunestyremøtet 7. mai er avlyst.

I staden vert det ope møte i
Kultursalen der tema m.a. er:

- informasjon frå studieturen til Østerrike
- kommuneplanarbeidet

Møtet begynner kl 19.00.

Alle er velkomne!

Oddvar Grøthe, ordførar
(sign.)

